



ARKITEKTER AS

Jfr adresseliste

Sentrum 11, 3630 Rødberg

Mobil: 970 62 611

E-post: nils@friisarkitekter.no

Bankgiro: 2351 05 50315

Foretaksnr: NO 979 906 986

www.friisarkitekter.no

Deres ref.: <tekst>

Vår ref.: 21077_1

Rødberg 20.09.2021

Varsel om oppstart av detaljreguleringsplan jf PBL § 12-3 for barnehage og bygdatun i Granvin. Gbnr 623/65.

I medhald av Plan- og bygningslovens (pbl) § 12-8 kunngjer ein med dette igangsetting av arbeid med detaljreguleringsplan for egedomen gbnr 623/65. Planen vedkjem òg eigendommene gbnr. 620/1-8, 622/1 -8, 622/53, 623/ 11-18-19-29-34-40-41-46-66-70, med fleire i Voss herad.

Føremål med planarbeidet

Føremålet med planarbeidet er å styrke Granvin som lokalt sentrum ved å etablere ein ny, sentralt plassert barnehage i samband med Granvin bygdatun.

Gbnr 623/65 skal regulerast til føremål for museum og barnehage samt tilkomst og parkering for den bruken. Tilstøytane arealbruk innanfor planområdet som bustadtomter og næringsareal vert regulert til dagens bruk.

Barnehagen skal ha plass til 84 born. Plassering og storleik vart fastsett i heradsstyresak 43/20, den 07.05.20. Sjølve bygningen vil vera om lag 1000 m² BTA, og ha inntil 2 etasjar på heile eller delar av bygget. Leike- og uteopphaldsareal vil vera opp mot 2300 m², men alt uteområde skal sjåast i ein samanheng.

Utforming skal vektleggja samhandling med Granvin bygdatun og omgjevnadane elles, både når det gjeld skala, form og materialval.

Barnehagen skal ha sambruksfunksjonar, for å bidra positivt inn mot lokalsenteret og bygdatunet. Ein skal leggje vekt på fleksibilitet for bygget og uteareal. Ein vil vurdere å leggja til rette for uteavdeling dersom ein treng auka kapasitet.

Avgrensing og storleik på planområdet

Heile området som høyrer til bygdatunet i dag er ein del av planområdet. I tillegg må aktuelle tilkomstvegar, parkeringsområde og viktige koplingspunkt vera med i planområdet ved oppstart. Planavgrensinga kan verte justert og redusert, og ein kan seinare ta ut område som viser seg å ikkje å vere aktuelle.

Eksisterande arealbruk

I sentrumsplan for Eide, planid 2011001, er planområdet regulert til bygdatun og parkføremål, bustad og kombinerte bustad- og næringsføremål, og veg/infrastruktur. I kommuneplanen er området avsett til sentrumsføremål.

Særskilte omsyn.

- Plassering, skala, form og materialbruk må ta omsyn til nærleiken til bygdatunet og husa rundt.
- Statleg verna friluftslivområde/verna styvingstre på området.
- Flaum/grunntilhøve
- Infrastruktur, køyremønster og tilkomst.

Tiltakshavar er Voss herad og Friis Arkitekter er utførande konsulent.

Det er utført ei nærare vurdering av om planen utløyser krav om konsekvensvurdering. KU-notat ligg ved.

Det vil bli gjennomført ei risiko- og sårbarheitsanalyse. Verknaden planen har for miljø og samfunn, grønt-område, leikeplassar og generelle emne tilknytt barn og unge blir ein del av det vidare planarbeid.

Ein reknar at planarbeidet vedkjem Dykkar interesser som grunneigar/festar, eventuell nabo/gjenbuar eller som offentleg styresmakt. Ein ber eventuelle utleigarar av grunn om å underrette sine leigetakarar.

Eventuelle kommentarar til oppstart av planarbeid skal snarast, og seinast innan 22 oktober, sendast til:

Friis Arkitekter AS v/ Nils Friis, Sentrum 11, 3630 Rødberg, eller e-post: nils@friisarkitekter.no

Opplys om gnr./bnr./fnr. for din eigedom ved all kontakt.


Det blir òg høve til å uttale seg om planforslaget under høyring og offentlig ettersyn etter fyrstegongs handsaming i heradet. Då vil det liggje føre detaljert plankart og føresegner og nærare skildring av tiltaket.

Nærare informasjon om planarbeidet får De ved å kontakte Nils Friis på telefon 970 62 611 eller nils@friisarkitekter.no

Varslingsdokument er tilgjengeleg på Voss herad si heimeside under kunngjeringar <https://voss.herad.no/tenester/samfunnsutvikling/kunngjeringar/>

Det vert invitert til eit ope informasjonsmøte i Holvenstova, Granvin bygdetun den 06.10.21 kl.1800. Alle som ynskjer informasjon om planarbeidet er hjarteleg velkomne!

Med vennleg helsing
FRIIS ARKITEKTER



Nils Friis
Siv.ark.MNAL

vedlegg:

Kartutsnitt A – forslag til planavgrensning ved oppstart

Kartutsnitt B – oversiktskart

KU-vurdering